



Jarle Skår
Romarheimsneset 38
5994 VIKANES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/8235 - 22/93653

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
08.12.2022

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 217/7 Romarheim


Tiltak: Søknad om deling
Byggjestad: Gbnr 217/7
Tiltakshavar: Jarle Skår

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 15.11.2022.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Delar av omsøkt tomt ligg innanfor faresone for ras- og skredfare i kommunedelplan for Lindås.



Det er eit krav i gjeldande kommunedelplan for Lindås § 4.1.3 at det ved t.d. frådeling i områda i kommunedelplanen som ligg i denne faresona skal gjerast ei geologisk vurdering av risiko for ras og skred. De må supplere søknaden med rasrapport frå fagkunnig geolog.

2. Det må sendast inn erklæring om rett til parkering. De kan nytta vedlagte skjema som må fyllast ut i 2 originalar. La felt for bnr. i punkt 3 A stå ope for seinare utfylling.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 22.01.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

erklæring-om-rettighet_nyn

Mottakarar:

Jarle Skår

Romarheimsneset 38

5994

VIKANES